



Espen Selvik
Statsmin. Michelsensvei 34
5230 PARADIS

Dato: 02.06.2017
Vår ref.: 2017/845-90
Saksbehandlar: tonhaug
Dykkar ref.:

Kunstprosjekt og kulturtiltak - profesjonell - våren 2017 - Underretting om tildeling

Vi viser til søknaden dykker om tilskot til Kunstprosjekt og kulturtiltak - profesjonell – våren 2017.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 16.05.2017, politisk sak 80/17 vedteke å tildele dykk kr 20.000,- i tilskot til «Presentasjon av Hordalandskomponistar ute i verda».

Grunngjeving:

Ved søknadsfristen 01.03.2017 var det kome inn 84 søknader. Samla søkesum var om lag 3,4 millionar kroner. Det er totalt 837.000 kr til fordeling under Kunstprosjekt og kulturtiltak - profesjonell - våren 2017. Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga, Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekne retningsliner.

For oversikt over tildeling og individuelle grunngjevingar, sjå vedlagt politisk sak.

Vilkår for tilskotet - Oppfølging, rapportering og kontroll

- Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale mv skal det gjerast tydeleg at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. Dokumentasjon av dette skal leggast ved rapport.
- Om ein har opne, publikumsretta arrangement er det ein føresetnad at tilskottsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal då ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- For fagleg oppfølging og vurdering må dei som søker om tilskot til arrangement på førespurnad kunne gje akkreditering til inntil 2 representantar frå Kultur- og idrettsavdelinga.
- Dei som får tilskot til publikasjonar må levere minimum 1 eks av denne til Hordaland fylkeskommune når denne er ferdigstilt.
- Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning. Dersom prosjektet vert avlyst, utsett eller vesentleg endra, kan heile eller deler av tilskotet krevjast betalt attende.
- Utbetaling av tilskot skjer i hovudsak gjennom elektronisk faktura i EHF-format

Utbetaling

Utbetaling av tilskot skjer i hovudsak gjennom elektronisk faktura i EHF – format.

Elektronisk fakturaadresse: **9908:938626367**

Aksesspunkt: Visma

Saksnummer: 2017/845

Ressursnummer: 12564

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og handsama EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer. Dette må skje 01.10.2017. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt, og eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Det er også høve til å få tilskotet utbetalt på anna måte. De må då sende ei kort stadfesting på at prosjektet går som skissert i søknaden, og at de aksepterer tilskotet med dei føringane som ligg føre. Dette sendast hfk@hfk.no og merkast med saksnummer.

Rapportering/rekneskap

Rapporten skal gje ein kortfatta skildring av:

- Når og kor tiltaket vart gjennomført og korleis dette vart gjort.
- Eventuelle avvik frå vilkåra med nærmere grunngjeving.
- Eventuelle avvik frå søknadsgrunnlag (planar/budsjett) med grunngjeving
- Dersom rapport/rekneskap i samsvar med krava ikkje vert levert innan fristen vil det vere eit brot på vilkåra for tildelinga. At krava til rapportering og rekneskap er oppfylt vil også vere vesentleg med omsyn til vurderinga av eventuelle seinare søknader.

Det er viktig å merka rapporten med saksnummer 2017/845.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no merka «Klage i sak 2016/578». Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar
utviklingssjef

Sakshandsamarar: Tone Stedal Haugland og Marianne Osa Askvik
Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.